

Olje- og energidepartementet
v/ Nina Helene von Hirsch
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Bergen, 23. januar 2014

Høringsfråsegn gjeldande NVE si innstilling til søknaden frå BKK Nett AS – 420 kV kraftlinje Mongstad – Modalen

Olje- og energidepartementet har i brev 9. oktober 2013 lagt tilråding frå Norges vassdrags- og energidirektorat, 30. september 2013, ut til offentlig høyring.

Bergen og Hordaland Turlag er ein av høringspartane i saka. Det har vore ein lang prosess fram til endeleg innstilling. Vi har tidlegare gjeve innspel i samband med både konsekvensutgreiingsprogrammet og til dei ulike søknadane i saka. Vi har også tatt del i møter og tatt del på synfaringar. Då prosessen starta opp stilte vi spørsmål ved behovet for ei ny kraftlinje, då vi i hovudsak ikkje ønskte ei ny kraftlinje gjennom eit viktig friluftslivområde som Stølsheimen. Vårt standpunkt er og var at ei kraftlinje i Stølsheimen ville vera sær uheldig grunna at dette er eit friluftslivområde som er sær verdifullt og mykje brukt av folkesetnaden. Vårt andre innspel var difor at kraftlinja burde leggjast som jordkabel langs bilvegen gjennom Modalen og at resten av traseen skulle følgja eksisterande trasé over til Matre i Masfjorden. Vi fekk diverre ikkje gjennomslag for desse standpunkta.

Likevel har vi tatt del i prosessen for å ivareta våre interesser, då det vart klart at linja for store deler av traseen skulle byggjast i luftspenn gjennom områder der det føreligg viktige natur-, kultur- og friluftslivinteresser. Innspel vi har fremja tidlegare i prosessen ligg framleis fast. I utgangspunktet har innspela frå vår side vore avgrensa til å gjelda Stølsheimen. Vi har også hatt konkrete innspel gjeldande Kringlebotn.

Vi ønsker å vera ei konstruktiv høringspart i energisaker, og særleg ivareta omsynet til natur- og friluftslivinteresser. I prosessen har vi hatt fleire møter med tiltakshavar BKK Nett AS, og desse møta har vore konstruktive. Vi meiner også at NVE har lagt til rette for ein medverknadsprosess som har tatt omsyn til partane i saka. Vi vil rose energimyndigheiter og tiltakshavar for å ha vist openheit og vilje til å få i stand ein god prosess.

Stølsheimen

Planlegginga av ny 420 kV-kraftlinje Mongstad – Modalen gjeld eitt av våre prioriterte kjerneområder som er Stølsheimen. I området har vi høg aktivitet, omfattande rutenett og ni turlagshytter. Den nye 420 kV-leidninga vil verta eit nytt synleg inngrep i fjellområdet Stølsheimen. Området er attraktivt for lokalbefolkninga og har viktige stølsområder. Dei sentrale delane av Stølsheimen har status som landskapsvernområde. Nærleiken til Bergensområdet gjer også at dette er eit viktig regionalt friluftslivområde. I den regionale klassifiseringa av friluftslivområder i Hordaland, så har dette området fått verdi A, som tyder

”Svært viktig” som turområde. Felles for alle traséalternativ er at dei alle på eitt eller anna vis vil gå over fjellområdet som utgjer den sørlege delen av Stølsheimen. Linja vil krysse viktige turområder og ruter mellom turlagshyttene Skavlabu og Vardadalsbu. Det er difor viktig at NVE så langt som råd har ”lagt vekt på at traseen gjennom Stølsheimen unngår særlig verdifulle områder for friluftsliv og kulturmiljø, og i stor grad går i områder som allerede er berørt av tekniske inngrep i forbindelse med vannkraftutbygging”.

Kringlebotn er eit særst verdifullt stølsområde, og området er viktig i natur- og friluftslivsamanhang. NVE vurderer at ei kraftlinje gjennom Kringlebotn vil ”påvirke landskap, kulturminner og friluftsliv på en måte som ikke vil være mulig å redusere med avbøtende tiltak”. Vi er einige i denne vurderinga.

Vi vonar difor at Olje- og energidepartementet vil halda fast på NVE si tilråding 30.09.2013 når det gjeld området Stølsheimen, og at Kringlebotn framleis vert skåna for linjeframføring.

Avbøtande tiltak

Det er særst viktig at det vert stilt vilkår som ivaretek ei skånsam bygging av linja gjennom Stølsheimen, og at det særleg vert tatt omsyn til natur- og friluftslivinteressene her. Ei god miljøtilpassing er difor viktig. Vi vil difor oppmode om at vi kan høyrast i spørsmål som gjeld avbøtande tiltak med omsyn til friluftslivet, og at vi kan få høve til å koma med innspel til miljø-, transport- og anleggsplan (MTA) i spørsmål som rører ved friluftslivinteressene.

Proessen vidare mot endeleg vedtak

I brev 9. oktober 2013 varslar Olje- og energidepartementet at det etter avslutta høyring vil verta gjennomført synfaring og arrangert møter i dei kommunane som vert rørt av tiltaket. Vi ber om at Olje- og energidepartementet heldt oss orientert om ny informasjon i saka, eventuelle synfaringar og møter som departementet har tenkt å arrangera i samband med ny 420 kV-kraftlinje Modalen - Mongstad. Vi håpar på ein god og positiv dialog med Olje- og energidepartementet i den vidare prosessen.

Med vennleg helsing

Helene Ødven
Dagleg leiar
(sign.)

Nicolas J. I. Rodriguez
Naturvernansvarleg